

**LESESTRATEGI**

Hugs å lage tokolonnenotat og setje inn vanskelege ord mens du les!

Yatzy

Yatzy handlar om Dag Vidar. Han blir kalla Daggi. Daggi skal flytte inn hos ein fosterfamilie. Dette er første gongen han møter den nye mora, faren, broren og katten sin.

Eg står inne på det framande kjøkkenet.

– Skal du ikkje helse på pus? spør dama som eg akkurat har møtt, men som har bede meg kalle henne «mamma».

– Nei takk, seier eg og snur meg vekk.

– Han elsker å bli klappa, seier mamma til meg.

Sikkert, tenkjer eg og har eigentleg ikkje tenkt å røre han.

Men brått løftar eg katten etter halen og svingar han rundt som ein feit lasso. Katten sprellar med klørne.

– Daggi! roper mamma. – Det der er ikkje å klappe!

– Han glefsa etter meg, seier eg.

– Det er hundar som glefsar, ikkje kattar. Ikkje gjer deg dummare enn du er, no, seier mamma.

Ho går ned på alle fire på kjøkkengolv og lurar katten fram frå bordet mens ho stryk han bak øyra. Noko sånn hadde eg aldri gått på. Men sakte begynner han å gni seg mot handa hennar.

– No begynner han å knurre også, seier eg.

– Det heiter male, det er koselyden til katten. Mamma tek

hardt tak i handa mi og legg ho rett på ryggen til katten. Katten glepp med augo. Men jammen lèt han meg halde handa der. Og den dumme katten gir seg ikkje. Han berre mel og mel. Akkurat som om det er heilt vanleg å kose seg på denne måten.

Eg snur meg brått. Der står han dei vil eg skal kalle «pappa», og han som heiter Gustav.

– Gustav har vore spent på å møte deg. Han har alltid drøymt om ein storebror, seier mamma.

Storebror. Ordet får det til å rakne inni meg. Og når eg snur meg mot katten, hoppar han vekk.

– Sjå kva du gjorde, du skremde vekk katten, roper eg. – No slutta han å male, også!

– Roleg no, Daggi, seier mamma til meg. – Katten vil male igjen.

– Korleis veit du det?

– Kattar elsker å male, seier ho.

– Unnskyld for at eg skremde vekk Pus, då, seier Gustav.

– Pus? spør eg.

– Ja, katten heiter «Pus», seier Gustav.

– Han må vel heite noko meir enn Pus? seier eg.

– Du må gjerne finne på eit fint namn til han, seier pappa.

– Rambo! seier eg.

– Kva? seier Gustav. – Rambo? Er ikkje det eit litt rart namn på ein sånn katt?

– Rambo, ja, seier pappa fort. – Det er eit fint namn.

Men det er det ikkje. Det er eit dustete namn. Men det var det første som fall meg inn. Og det er eg som har funne på det.

Oppgåver:

Sjå elevbok 7A side 159.

Gjer oppgåvene 1–7.

Forenkla med løyve frå Harald Rosenløy Eeg